



Medlemer i Uskedal Helselag gjer klar julepakkane til Valen sjukehus. F.v: Klara Bakke, Selma Eik og Marit Hauge.

Julepakkane og juleblomane er klar for levering i denne veka. Det er Uskedal Helselag som held oppe ein lang tradisjon med å gje julepakkar til Valen sjukehus og juleblom til alle frå Uskedalen som bur på sjukheim og til alle heimebuande over 90 år. Talet julepakkar i år er 50 og 24 mottok juleblom med helsing.

I 100 års meldinga til Uskedal Helselag les vi at i november 1970 kom spørsmålet opp om ein skulle laga og senda julepakkar til Valen sjukehus. Det vart gjort og alt fyrste året vart det sendt heile 100 julepakkar. Det har seinare vore ei årleg hending og talet pakkar har dei siste år vore om lag 50.



Juleblomen med helsing går til alle heimebuande over 90 år og til alle frå Uskedalen som bur på alders- og sjukeheim. også til dei som bur i Hagetunet.

13 år seinare, på lagsmøte 14. november 1983, vart det bestemt å gje blomar til alders- og sjukeheimen. Kvinnherad Helselag hadde gjort dette før. Frå 2004 vart ordninga utvida og alle frå Uskedalen, som budde på Rosendalstunet, fekk blom til jul. I dag gjeld ordninga for alle uansett kor ein bur på sjukeheim. Juleblom vert også gjeve til Hagetunet.

På det siste lagsmøte før jul er det sett av tid til pakking av julegaver.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Randi Nybakk/ Kristian Bringedal